
Søkjær

Organisasjonsopplysningar

Organisasjonsnamn Ålesund bibliotek

Postadresse Postboks 1521

Postnummer 6 025

Poststad Ålesund

Kontonummer 42 024 658 485

Leiar av institusjonen

Fornamn Mette Aaram

Etternamn Ringstad

Telefon 411

E-post mette.aaram.ringstad@alesund.kommune.no

Er institusjonens leiar kontaktperson for
prosjektet? Ja

Søknadstype

Vel søknadstype

Søknadstype Innsatsområde

Innsatsområde • Nye samarbeidsformer
 • FNs bærekraftsmål og bibliotek

Prosjekt

Beskriv prosjektet

Prosjekttittel

Samarbeid på tvers

Mål

Mål: Teste ut og innføre nye og gode driftsformer i Ålesundsbiblioteka ved samarbeid på tvers, mellom:

- Bibliotek og innbyggartorg
- Folke- og skolebibliotek
- Bibliotek og frivillige

Legge til rette for nye samarbeidsformer, stimulere til meir læring, førebyggje einsemd ved å utvikle biblioteket som møteplass.

Prosjektbeskriving

Prosess:

Den 1. januar 2020 vart fem kommunar slått saman til nye Ålesund kommune, bestående av gamle Haram, Ørskog, Skodje, Sandøy og Ålesund kommune. Dette er ein langstrakt kommune, med ca. 66 000 innbyggjarar. Med samanslåinga oppstod Verksemd innbyggartorg, bestående av bibliotek, innbyggarservice og frivilligsentral, med fem innbyggartorg – i Brattvåg, på Harøy, i Skodje, på Sjøholt og i Ålesund sentrum.

Vi har i samanslåingsprosessen blitt utfordra på å utvikle nye, gode driftsformer og måtar å jobbe på. Delprosjekt 1: Samarbeid på tvers i verksemd innbyggartorg mellom bibliotek, innbyggarservice og frivilligsentral:

Vi ønskjer å utforske mogelegeit for å kople saman bibliotek, innbyggarservice og frivilligsentral. Det handlar både om å sjå på moglegheitene for samlokalisering av bibliotek og innbyggarservice på nokre av lokalitetane og om å bli kjent med og setje seg inn i kvarandre sitt fagområde og kunne jobbe meir på tvers i verksemda. Vi ser også at vi til ein viss grad har overlapp i tenester, for eksempel hjelper alle tre avdelingane på ulikt vis innbyggjarane med digitale utfordringar, utskrifter osv. Frivilligsentral og bibliotek har ulike aktivitetar og er møteplass. Vi har mykje til felles som vi kan bygge på. Vi ønskjer også å få vurdert om lokale med små justeringar kan støtte opp under ei felles drift. Vi ønskjer spesielt å sjå nærare på om lokalitetane i Skodje og Harøy med litt ombygging kan romme alle tre avdelingane. Vi ser at først ved ei samlokalisering vil ein kunne dra full nytte av alle synergjar.

Delprosjekt 2: Samarbeid på tvers av kommunalområde i kommunen mellom folkebibliotek, skulebibliotek og skule

Den nye kommunen rommar i alt 24 barneskular og 11 med ungdomstrinn, i tillegg til 10 folkebibliotek, spreidde over øyar og fastland. Det har lenge vore etterlyst ein link mellom skole- og folkebiblioteka. Skulebiblioteka i gamle Ålesund kommune fekk eksempelvis Bibliofil for 6-7 år sidan, men har ikkje fått tilført kompetanse til å bruke biblioteksystemet fullt ut. Det er pga. store fysiske avstandar heller ikkje etablert eit nært samarbeid på andre område, som for eksempel prosjekt for å auke leselyst.

Vi ønskjer no å etablere eit tettare samarbeid:

- mellom folkebibliotek og skulebiblioteka i den nye kommunen.
- mellom skulebibliotekarane

- opne samlinga i folkebiblioteket for elevar i grunnskulen

Delprosjekt 3: Samarbeid mellom bibliotek og frivillige:

Ålesundsbiblioteka utgjer i alt ti avdelingar, der ei avdeling har meirope. Vi er i gang med å greie ut mogelegheiter for meirope bibliotek ved fleire avdelingar. Vi har no som målsetting å snarleg få på plass meirope ved fleire bibliotek. Det ligg det godt til rette ved fleire av biblioteka, spesielt dei som er samlokalisert med innbyggartorg og kulturhus, altså bygningar som har tilgang med kort/kode allereie. I samband med dette har vi ønske om å etablere ei teneste som bibliotekvenn, ei type frivillig arbeid som er tenkt å skulle hjelpe besøkande i biblioteka, og halde auge med lokala i den ubemanna opningstida. Det vil også kunne gi ein meningsfylt aktivitet til nokon som treng det.

KVIFOR DESSE PROSJEKTA?

Samarbeid i verksemda: Drive meir effektivt, gi eit betre tilbod til innbyggjarane, dra nytte av kompetanse på tvers, styrke innbyggjartorga som demokratisk arena.

Temadagar: Bidra til kompetanseutvikling i skulebiblioteka, leggje til rette for samarbeid og nettverksbygging mellom skole- og folkebiblioteka og mellom skulebiblioteka.

2. klassebesøk: Skape tryggleik, gjere det enklare å ta i bruk biblioteket når ein veit korleis det fungerer. Auke leselyst, bidra til meir meistring og læring i alle fag. Førebyggje utanforskap. Gi kjennskap til folkebiblioteket, og korleis det fungerer. Dele ut lånekort, bli kjent med barneavdelinga og biblioteket, ta del i lesestund og ev. ete matpakke i biblioteket.

9. klassebesøk: Bidra med fagleg kompetanse innan skriving og lesing. Auke leselyst, bidra til meir læring og meistring i alle fag, førebyggje utanforskap. Gjere biblioteket og tenestene våre kjent for 9.klassingane, vekke lyst til å bruke biblioteket også seinare, når dei startar i vgs.

Bibliotekvenn: Bidra til livslang læring og utvikling ved å opne opp for biblioteka sine boksamlingar i større grad. Førebyggje einsemd ved å skape ein møteplass i ubemanna opningstid. Skape ein trygg arena i ubemanna opningstid. Bidra til lokal nettverksbygging. Gi frivillige høve til å bidra på ein positiv arena, gi meningsfylt innhald i kvardagen til nokon som kanskje ikkje har så mykje anna. Det kan også vere arbeidspraksis for til dømes elevar i vgs., som kan få attest på arbeidet og ha på CV.

STRATEGISK FORANKRING:

- Nye Ålesund kommune er i ferd med å utforme kommuneplan med fire strategiar. To av dei er tenesteutvikling og folkehelsestrategi. Desse har er no ute til høyring. Livskvalitet er eit av tre satsingsområde i kommuneplanen. Livskvalitet handlar om å utvikle eit trygt samfunn for alle, og vidare seier planen: «Det skal arbeidast for å sikre born og unge ein god oppvekst og oppvekstvilkår. Dette inneber systematisk arbeid for å redusere sosial ulikskap og fattigdom, etablering av gode system og strukturar for å bli integrert og delta».

- Prosjekta dekker fleire av berekraftsmåla til FN.

Mål nr 3: God helse og livskvalitet

Mål nr. 4: God utdanning

Mål nr. 10: Utjamne skilnader

Mål nr. 11: Bærekraftige byar og lokalsamfunn

Mål nr 12: Ansvarleg forbruk og produksjon

Mål nr. 17: Samarbeid for å nå måla

- Nasjonal bibliotekstrategi: Aktivitetane dekker også fleire av målsettingane i den nasjonale bibliotekstrategien. Vi kan her trekke fram:

- o Oppsøkande verksemd
- o Samarbeid skole- og folkebibliotek
- o Etablere bibliotek som møteplass

Prosjektet har såleis solid forankring både lokalt i Ålesund kommune sine strategiar og planverk, i dei nasjonale føringane frå Nasjonalbiblioteket og internasjonalt ved FN sine berekraftsmål. I samarbeid mellom både ulike bibliotektypar og frivillige, vil vi bidra til utdanning og meir læring, etablere trygge møteplassar for alle, førebyggje einsemd og utanforskap og såleis auke livskvalitet, både gjennom oppsøkande verksemd og ved å invitere inn i bibliotekromma. '

PLAN FOR OPPFØLGING:

- Ha årleg kampanje for rekruttering av bibliotekvenn (ha stand på kjøpesenter, få omtale i lokale medium, annonsere Friskus og sosiale medium, på vgs.)
- Få etablert eit permanent, forpliktande samarbeid mellom skule og bibliotek.

Plan for erfaringsoverføring:

- Informere på bibliotekdagane i Møre og Romsdal
- Informere på biblioteksjefmøte
- Invitere til publisering i fagtidsskrift for skule og bibliotek
- Lage manual/wiki som ressursbank for skolebibliotekar

Framdriftsplan

Prosjektet er	Eitårig
---------------	---------

Aktivitetsplan for prosjektet

Beskriving

Kva som skal gjerast:

Samarbeid i verksemda:

- Lage ein plan for opplæring av tilsette på tvers
- Leige inn ressursar til å dekke opp for opplæringsaktivitetar
- Gjennomføre kursing, felles og individuelt
- Starte uttesting av arbeids på tvers av avdelingar
- Framskaffe kunnskapsgrunnlag for samlokalisering
- Møte med arkitekt for å vurder lokalitetar på Harøy og i Skodje
- Møte med andre involverte ved dei to husa
- Søke midlar til ombygging

Aktivitetsperiode

Beskriving

OPPSØKANDE VERKSEMD OG GJENBESØK:

Planlegge opplegg for 2. klassar.

Besøk ute i skulane for forventningsavklaring - enten i klassane eller saman med lærarar.

Invitasjon til 2. klasser om bibliotekbesøk med oversikt over tidspunkt ein kan booke besøk. Kjøpe rabattkort på buss.

Gjennomføre besøk. Evaluering før neste runde.

Planlegge opplegg for 9. klassar

Kontakte med 9. klasse med tilbod om besøk frå folkebiblioteket i klasse/på trinnet i samband med særerne.

Prat om bibliotek, korleis skrive særerne og om relevant litteratur, ta med depot for utlån.

Invitere 9. klassar til folkebiblioteka.

Gjennomføre besøk i folkebiblioteka.

Aktivitetsperiode

Beskriving

TEMADAGAR:

1. Lage oversikt over og innhald i temadagar, for eksempel

- Samlingsutvikling

- Opplæring Bibliofil

- Leselyst

- Litteraturformidling

- Opplæring Skaporama (makerspace/skaparverkstad)

2. Sende ut invitasjonar, lage fagleg opplegg, bestille mat osv.

Gjennomføring og evaluering.

3. Lage wiki som ressursbase for skolebiblioteka.

Aktivitetsperiode

Beskriving

BIBLIOTEKVENN I MEIROPE BIBLIOTEK:

1. Leggje plan for kva bibliotekvenn skal bidra med. Lage plan for opplæring (om bibliotek og formål, enkel bruk av biblioteksystem, korleis takle utfordrande åtferd osv.)
2. Produsere vestar til bibliotekvennane
3. Marknadsføre konseptet, verve deltakarar, ha stand
4. Invitere til kursing
5. Lage turnus, gi tilgangar, teste ut
6. Oppfølgingsmøter og evaluering, vidare utvikling

Aktivitetsperiode

Andre opplysningar

Andre opplysningar/kommentarar om framdrifts-/aktivitetsplan

Budsjett

1. prosjektår

Søknadsbeløp frå Nasjonalbiblioteket	432 800
--------------------------------------	---------

Andre inntekter 1. prosjektår

Beskriving	Løn 480 t x 600
------------	-----------------

Beløp	288 000
-------	---------

Inntekter totalt 1. prosjektår:	720 800
---------------------------------	---------

Utgifter 1. prosjektår

Beskriving	Samarbeid mellom bibliotek, innbyggarservice og frivilligsentral: - Arbeidstimar: Eigeninnsats i høve til arbeidstid og framskaffing av underlagskunnskap/materiale. Møter med arkitekt, møter med andre involverte på dei aktuelle husa. Sondere mulegheiter for gjenbruk av eksisterande møblement.50 t x 600 = kr 30 000 - Frikjøp i samband med kursing på tvers Løn 200 t x 600 = 120 000 - Arkitekt/planarbeid: 45 000 - Reiseutgifter: 5 000
Beløp	200 000

Beskriving	Samarbeid med skole- og folkebibliotek: - Arbeidstimar: o Temadagar: 4 samlingar: 37,5 timar x 4 samlingar x kr 600 per time: kr 90 000 o Frikjøp skulebibliotekarar 24 x 7,5 t x kr 600 = kr 108 000 o Planlegging, for- og etterarbeid klassebesøk 2. og 9. klasse: 50 timar x kr 600 per time = kr 30 000 o Besøk av 2. klasse i folkebibliotek: 19 besøk x 3 timar x kr 600 per time = kr 34 200 o Besøk av folkebibliotek ute i skulane i aktuelle tema i samband med fagfornyinga, for eksempel litteraturformidling, kjeldekritikk/informasjonsinnhenting på nett: 19 besøk x 4 timar x kr 600 per time = kr 45 600 o Lage wiki som ressursbank for skolebibliotekarar: 100 timar a kr 600 = kr 60 000 - Servering på temadagar 34 personar x kr 100 x 4 samlingar: kr 13 600 - Reisekostnader: o Besøk av 2. klasse i folkebibliotek: 19 skular - 500 elevar x kr 50 per billett = kr 25 000 o Folkebibliotek på besøk ut i skulane: 38 besøk x ca. kr 200 per tur = kr 7 600 o Besøk av 9. klasse i folkebibliotek: 19 klasser- 500 elevar x kr 50 = kr 25 000 TOTALT: kr 425 000
Beløp	425 000

Beskriving	Etablering av bibliotekvenn: - Marknadsføring: kr 20 000 - Planlegging av kurskveldar: 40 timar x kr 600 per time = kr 24 000 - Kursing av bibliotekvenner: o 6 kurskveldar a 5 timar x kr 600 = kr 18 000,- - Design og produksjon av vestar: 40 stk. x kr 500 = kr 20 000,- - Arbeidstimar vestproduksjon: 5 timar x kr 600 = kr 3 000 - Oppfølgingsmøter undervegs: 6 møte x 3 timar x kr 600 = kr 10 800 TOTALT: kr 95 800
Beløp	95 800
Utgifter totalt 1. prosjektår:	720 800
Totalt	0

Samarbeidspartnarar

Har du samarbeidspartnar(ar)? *	Ja
Namn	Avdeling frivilligsentral og avdeling innbyggarservice
Beskriv samarbeidet	Biblioteket er frå 1.1.2020 ein del av verksemd innbyggartorg saman med frivilligsentral og innbyggarservice. Vi har mykje til felles i forhold til å yte hjelp til innbyggjarane, arrangement og anna, og målet vårt er å få integrert desse tre verksemdene enda meir, for effektiv drift og betre service til innbyggjarane.
Namn	Skolebibliotekarane i grunnskulen i nye Ålesund kommune.
Beskriv samarbeidet	Skolebiblioteka har nær kontakt med elevar, og vil vere viktige samarbeidspartar i arbeidet med å etablere eit nærare forhold mellom skolar og folkebibliotek.

Namn

Frivillige

Beskriv samarbeidet

Frivillige vil bidra inn mot dei meiroopne biblioteka og blir viktige samarbeidspartar for å skape ein trygg arena i ubemanna opningstid.

Vedlegg

Last opp vedlegg

Sammendrag og innsending